

**På festivalseminar med Festival Voss****19.04.2012**

**Festidalen var godt representert på Kvinnherad kulturkontor sitt festivalseminar i dag.  
Heile fem medlemer frå styringsgruppa og nemnder fekk ei solid innføring i sentrale tema om det å førebu og driva ein festival**

Festidalen er ein av sju' godkjende' festivalar i Kvinnherad med rett til tilskot.

Festival Voss er ein samarbeidande organisasjon for fire store festivalar på Voss,- Vossajazz, VossCup, Osafestivalen og Ekstremsportveko.  
Visjonen er samarbeid på tvers og kompetanseutvikling.

I drøftinga etter innleiinga kom det fram felles ynskje om ei sterkare profilering, tilgang til utstyr, økonomistyring og ein frivilligbank. Tryggleik og beredskap er viktig på alle større tilskipingar.

Alle var samde om eit enkelt tiltak ein kallar cross over, det å visa andre festivalar interesse og møta fram for å læra og yta frivillig innsats.